

Segel AS er eit rådgjevingsselskap som leverer tenester innan strategi- og forretningsutvikling, marknadsutvikling, internasjonalisering, prosjektleiing, innovasjon og management for hire. Vår visjon er at vi skal være fremst i realisering av bærekraftig profitt. Vi opererer i ein nasjonal marknad og fleire av våre kundar er mellom dei leiande bedriftene på sine område. Vi er 3 rådgjevarar på Nordfjordeid, 2 i Måløy og 1 i Ålesund. Selskapet er eigd av dei tilsette. Vi er i ein ekspansjonsfase og søker difor fleire medarbeidarar som vil vere med å utvikle selskapet. Du finn meir informasjon på [www.segel.no](http://www.segel.no)



**Innan Miljø og Energi er Segel AS med i fleire internasjonale prosjekt knytt til lågenergibygg. Vårt arbeid i desse prosjekta er knytt til analyse og utvikling av nye forretningsmodellar og tiltak for å skape raskast mogeleg marknadsgjennombrot.**

Vi søker

## Senior Bedriftsrådgjevar – Miljø og Energi

Vi har forventningar om at du gjennom erfaring, nettverk og engasjement vil bidra til å styrkje selskapet si satsing innan Miljø og Energi, og bidra til å utvikle ei solid portefølje av kundar som vil bidra til både eigen og selskapet sin suksess. Vi tilbyr ein spanande og sjølvstendig jobb, i eit positivt og utviklande arbeidsmiljø i ei av dei mest spanande bedriftene i Sogn og Fjordane.

### Arbeidsoppgåver:

- Delta i prosjekt/oppdrag primært innan lågenergibygg
- Bidra i fagleg arbeid – utarbeide fagrapportar
- Bidra til å utvikle/selje inn nye prosjekt/oppdrag
- Etablere solide og langsiktige kunderelasjonar
- Rådgjeving innan eitt eller fleire av selskapet sine kompetanseområder.
- Sikre høg kvalitet og servicenivå overfor våre oppdragsgjevarar
- Personleg budsjett og resultatansvar

### Ønska kvalifikasjonar:

- Utdanning innan marknadsføring/marknadskommunikasjon på universitets og/eller høgskulenivå
- I tillegg kompetanse innan minimum eitt av fagfelta; innovasjon, strategi- og forretningsutvikling, internasjonalisering, prosjektleiing.
- Leiarerfaring
- Gjerne erfaring frå byggebransjen

### Personlege eigenskapar:

- Utadvent og kontaktskapande arbeidsstil med gode samarbeidsevner.
- God kommunikasjons- og formidlingsevne både skriftleg og munnleg
- God gjennomføringsevne og stor arbeidskapasitet

### Vi tilbyr:

Ei sjølvstendig og spanande rådgjevarstilling i eit selskap med vekstambisjonar. Ein organisasjon med høg kompetanse, uformell omgangstone og engasjerte medarbeidarar.

Løn etter avtale. Arbeidsstad: Nordfjordeid/kan diskuteraast.

Spørsmål om stillinga kan rettast til dagleg leiar Roger Bergset, tlf. 95229160

### Søknad sendast til:

Segel AS, Postboks 284, 6770 Nordfjordeid. Merk: Søknad, eller på e-post til: [roger@segel.no](mailto:roger@segel.no)

Søknadsfrist: 10. april.